Turoppleving av dei sjeldne i Uskedalen

14.12.2009

FramoPosten, som er internavisa for Frank Mohn-bedriftene, har ein flott reportasje frå Uskedalen i det siste nummeret sitt.
Dei ansatte var på helgetur i fjella våre i august og avisa slår fast at det var ei turoppleving av dei sjeldne.
Til denne årets tur var det 37 påmelde frå Heldal, Fusa, Piping/flatøy og Framo Engineering. Rosendal Fjordhotell var base.

Den første dagen gjekk turen til Ulvanåso. Dei var ikkje heilt heldige med veret, men det vart ei turoppleving av dei sjeldne, med eit storslagent utsyn over Hardangerfjorden, mot bergensfjellene, rosendalsfjellene og Folgefonna.

Den andre dagen var det fint turver. Då gjekk nokon på Englafjell, andre til Mannsvatnet og resten til Baroniet.

Neste år står Galdhøpigen og Glittertind på turprogrammet til Frank Mohn-bedriftene.

Biletet frå Ulvanåso pryder forsida av FramoPosten.